



Lindås Rør & Sanitær AS  
Burkhovdane 1  
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1141 - 17/20727

Saksbehandlar:

Marianne Aadland Sandvik

marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.

no

Dato:

19.10.2017

## Godkjenning - GBNR 38/59 - Løyve til plassering av vassleidning, samt tilkopling - Ådland

**Administrativt vedtak. Saknr: /2017**

**Tiltakshavar:** Steinar Thorstensen

**Ansvarleg søkjar:** Lindås Rør & Sanitær AS

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

Ansvarleg søkjar har på vegne av tiltakshavar søkt om løyve til plassering av vassleidning over gbnr. 37/4 fram til 38/59.

Gbnr. 38/59 er matrikelregistrert med eit areal på 1275 m<sup>2</sup>, og Steinar Thorstensen står registrert som heimshavar. Eigedomen er bebygd med ein einebustad.

Vi viser til søknad med vedlegg journalført motteke 12.10.2017.

### VURDERING:

#### Nabovarsling:

Tiltaket har ikkje vore nabovarsla. Dei av naboane som vert berørte av tiltaket har signert erklæring om rettighet i fast eigedom, og er såleis kjent med tiltaket. Kommunen krev difor ikkje nabovarsling, jf. pbl § 21-3 andre ledd.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

#### Lov- og plangrunnlag:

Plassering av vassleidning er søknadspliktig etter pbl § 20-2, jf. § 20-1 bokstav a). På grunn av lengda er tiltaket søknadspliktig med krav om ansvarleg føretak, jf. pbl § 20-3.

Leidningen er omsøkt plassert på areal som er satt av til landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område) i arealdelen til kommuneplanen. Ettersom plasseringa i dette tilfellet ikkje vil gje varige sår i terrenget eller vanskeleggjere landbruksdrifta, kan administrasjonen ikkje sjå at tiltaket er i strid med LNF-formålet. Kommunen kan difor ikkje sjå at det er naudsynt å handsame søknad om dispensasjon frå arealformålet LNF, men føreset at terrenget vert tilbakeført og sådd i.

#### Plassering:

Det følgjer av pbl § 29-4 første ledd at kommunens kal godkjenne eit byggverk si plassering, og at byggverk skal ha 4 meters avstand til nabogrenser, jf. andre ledd. For varige konstruksjoner gjeld føresegna så langt den passar, jf. pbl § 30-4 første ledd. På bakgrunn av omsøkt plassering kan administrasjonen ikkje sjå at avstandskravet i pbl § 29-4 andre ledd gjer seg gjeldande i dette tilfellet, då omsynet til branntryggleik, lys og luft ikkje får betydning.

#### Privat rett til framføring av vassleidning:

Det følgjer av pbl § 27-1 at «[r]ettighet til å føre vannledning over annens grunn, alternativt til å knytte seg til felles ledningsnett, skal være sikret ved tinglyst dokument eller på annen måte som kommunen godtar som tilfredsstillende.»

Tiltakshavar har fått løyve til graving og plassering av vassleidning over gbnr. 37/4 ved avtale datert 22.9.2017. Eigar av gbnr. 37/32 har gitt løyve til tilkopling til eksisterande privat vassleidning i avtale datert 22.9.2017. På bakgrunn av dette har gbnr. 38/59 sikra rett til framføring av vassleidning i samsvar med pbl § 27-1.

#### Ansvarsrett:

Ansvarsrett og tiltaksklasse i saka går fram av erklæring om ansvarsrett, journalført motteke 12.10.2017. Ansvarleg i byggjesaker står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl § 23-1, og skal sjå til at alle oppgåver er balagt med ansvar, jf. pbl § 23-4 andre ledd.

#### **VEDTAK:**

*«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 løyve til plassering av vassleidning som omsøkt på gbnr. 37/4 fram til 38/59. Plasseringa skal vere som vist på vedlagte situasjonsplan og terrenget skal tilbakeførast og såast i.*

*Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn to år, jf. pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.*

*Meland kommune godkjenner at gbnr. 38/59 vert knytt til kommunalt vassanlegg for ei buening på følgjande vilkår:*

- *Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.*

- *Alle sanitærinstallasjonar skal følgje standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, jf. kommuneforlaget.*
- *Tilknytninga skal skje i kum. Melding om dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknytninga er utført.*
- *Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.*
- *Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ, der tilknytingsgebyret for vatn er kr 20 000,- + mva pr bueining (totalt kr 40 000 + mva).»*

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Situasjonskart

**Mottakere:**

Lindås Rør & Sanitær AS  
Steinar Thorstensen

Burkhovdane 1 5914  
Ådlandsvegen 933 5918

ISDALSTØ  
FREKHAUG